

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hovudutval for kultur
v/Ingebjørg Erikstad
pb 173, 6801 Førde

Nordfjordeid, 16.5.2014

Førespurnad om ein representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til styret i Stiftinga Sagastad

Det er ei glede å informere om at forprosjektet for Sagastad no skal avsluttast med skiping av Stiftinga Sagastad på Nordfjordeid.

Det har vore lagt ned ein stor arbeids- og dugnadsinnsats for å dra forprosjektet i hamn. Gjennom arbeidet med forprosjektet har ein utarbeidd grunnbok, gjennomført marknadsanalyse, utarbeidd skisseteikningar for bygget og bygt ein modell av Myklebustskipet. Det er også utvikla fullskala teikningar av skipet.

Alt arbeidet er samla og komprimert i prospektet som pr. dato er i trykken, og arbeidet med å skaffe til veie skipingskapital for stiftinga Sagastad blir sett i verk straks dette er klart. I første omgang skal vi ha på plass minimum kr. 200.000 som grunnkapital i Stiftinga Sagastad.

Skipingsmøtet er sett til 16. juni 2014. Det er særdeles viktig for å halde trykket oppe at vi får skipa Sagastad før sommaren 2014. Vi rettar derfor ein førespurnad til Sogn og Fjordane fylkeskommune om å stille med ein representant i styret for stiftinga. Leiaren i Hovudutvalet for Kultur Nils Gjerland avduka Myklebustskipet i desember 2012. Det vil vere ei stor glede om han som den fremste representanten for den politiske leiinga innan kulturlivet i Sogn og Fjordane kunne bidra som styremedlem i Stiftinga Sagastad.

Vi er klar over denne korte fristen, men det er av stor betydning for oss å få gjennomført skipingsmøtet den 16. juni. Vi er derfor så fri og be om at Hovudutval for kultur handsamar denne førespurnaden i møte dykkar 27. mai 2014.

Vi imøteser dykkar svar.

Beste helsing

Tøger Lien
Prosjektansvarleg
Sign.


Synnøve Aabrekk
prosjektleder

Vedlegg: Salsprospekt for Sagastad